



Skuteviksboder 1-2
5035 Bergen

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.
0032 Oslo
postmottak@fkd.dep.no

Bergen 22.03.2013

Høyringsuttale, Forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden

Salmon Group AS representerar om lag 10 % av den norske lakseproduksjonen, og sikrar det lokale eigarskapet gjennom stordriftsfordelar og felles innsats rundt viktige saker. I det gjeldande forskriftsområdet er vi representerte gjennom verksemldene Lingalaks AS, Tombre Fiskeanlegg AS, Eide Fjordbruk AS, Fylkesnes Fisk AS og Engesund Fiskeoppdrett AS. I tillegg vil ei rekke setjefiskselskap bli råka av forskrifa.

Salmon Group meinar at:

- Den føreslegne forskrifta er eit døme på lite eigna regulering av havbruksnæringa. Ei regional forskrift framstår her som overflødig, ettersom dette området vil vere underlagt dei same strenge reguleringar som resten av næringa.**
- Forskrifta vil ha store og utilsikta konsekvensar for ei rekke lokalt baserte aktørar og lokalsamfunn, utan at dette omsynet har blitt tilfredstillande utgreia eller forsøkt kompensert gjennom forskrifta.**
- Forskrifta er därleg fagleg dokumentert, både i heimel og verkemiddel.**
- Regjeringa sine ambisjonar for vekst i sjømatproduksjonen vil bli direkte ramma av desse inngrepa.**
- Forskrifta har i litra grad teke omsyn til dei tiltak og endringar som alt er gjennomførte for ei berekraftig næring både nasjonalt og konkret i denne regionen.**

HARDANGERFJORDEN SOM EIGE FORVALTNINGSOMRÅDE

Opphavet til det som i dag føreligge som ei eiga forskrift for regionen Hardanger og delar av Sunnhordland, var ei bekymringsmelding frå Fylkesmannen i Hordaland og Fiskeridirektoratet i 2006. Her meinte ein at viltlevande laksefisk i området var truga, og at smitte og røming frå oppdrettsproduksjon var medverkande årsaker.

Påstandane vart ikkje fagleg dokumenterte, men situasjonen vart framlagt som uavklart, og ein tilrådde difor ein frys i veksten av produksjonen inntil situasjonen var meir kartlagd og tilpassa. Seinare har ytterlegare reguleringar kome til, som ei regional soneforskrift som styrer utsett og brakklegging, samt nasjonal luseforskrift og koordinert vårvavlusing. Det er framleis ikkje tillate å ta i bruk nye løyve i denne regionen, som fylgje av frysforskrifta.

I den grad situasjonen ikkje er uavklart og uregulert i resten av norsk oppdrettsnæring, er den det heller ikkje i Hardangerfjorden og Sunnhordland. Denne regionen er underlagt alle dei same forskrifter og reguleringar som resten av landet, i tillegg til særeigne lokale forskrifter. Salmon Group meinar at behovet for ytterlegare regulering i denne regionen er fråverande, og at det står fram som ei grov forskjellsbehandling.

Den føreslegne grensa på 50 000 tonn maksimalt ståande biomasse, ser heller ikkje ut til å ha noka vitskapleg eller konkret grunngjeving, men bære preg av å vere eit politisk valt tal basert på historisk produksjon i fjordsystemet i 2008. Samanhengen mellom ei nedbygging til 50 000 tonn MTB og ynskte miljømål er ikkje sannsynleggjort eller dokumentert.

UTVIKLINGA I HARDANGER OG SUNNHORDLAND SIDAN 2008

Når forskrifa vel å ta utgangspunkt i produksjonen frå 2008 som eit tak for eigna utnytting av lokalitetane i heile regionen, er det verd å påpeike ein del endringar i forvaltning og praksis som har skjedd i dei fire åra etterpå:

- Ny luseforskrift er innført frå 1. januar 2013.
- Ny NYTEK forskrift trer i kraft i år, og representerar eit enormt løft i arbeidet mot røming.
- Soneforskrifta for gjeldande region, frå 14. juli 2010.

Salmon Group meinar at der ikkje føreligge nokon særtrekk ved det omfatta området som skulle tilseie at nok ei regional forskrift skulle vere påkravd eller rimeleg. Tvert om er dei biologiske resultata i området fullt på høgde med resten av landet, og der er heller ikkje ein samvarians mellom dei ulike delane av forskriftsområdet som sannsynleggjere effekten av eit regionalt biomassetak.

Denne typen områdetenkning varslar ei fragmentert og tilfeldig forvaltning av oppdrettsnæringa, og det synest uklart korleis ein vurderer at enkelte område er meir eigna enn andre for slike lausrivne tiltak.

KONSEKVENSANE FOR LOKALT BASERTE AKTØRAR

Oppdrettsnæringa har dei siste tjue åra hatt ei markant utvikling frå mange lokale aktørar til få og store selskap med regional og nasjonal drift. Området Hardangerfjorden og Sunnhordland er ein region som framleis har ein betydeleg del lokalt baserte oppdrettsselskap. I første omgang vart desse skadelidande av at andre aktørar flytta inn i deira heimeområde. No vert dei same selskapa råka sterkt nok ein gong, fordi dei framleis har tyngda av produksjonen sin i denne regionen.

Frå det førre utkastet til forskrift til det som føreligge no, har utfallet for dei same selskapa gjennomgått ei ytterlegare forverring. Den gong skulle alle få drive med minst tre fulle MTB i regionen, medan produksjonskuttet no vil skje flatt frå første løyve. Mindre aktørar får dermed ein relativt større del av kapasiteten sin innskrenka enn dei selskapa som har størstedelen av sin produksjon utforbi reguleringsområdet.

For nokre av aktørane er situasjonen slik at ein vil få delt produksjonen mellom den forskrifsregulerte sonen og utanfor. Desse får sin konsern MTB oppdelt, og risikerar dermed relativt større nedgang i tillaten produksjon enn det forskrifta tek utgangspunkt i. Det synest her som at FKD har lita forståing for korleis produksjonen ut frå MTB er innretta i praksis, og ein har difor ikkje gått detaljert nok til verks for å avklare retningslinene for ”lån av MTB” ut av forskriftsområdet.

For lokal slakteriverksemrd vil forskrifta kunne slå inn resolutt mot råstofftilgangen, og dermed arbeidsplassane ved slakteria. Slakting og førstehands prosessering av fisken er mellom dei mest arbeidsintensive oppgåvene i næringa, og mange jobbar vil falle bort. Hardanger Fiskeforedling AS er eit døme på dette. Verksemnda er eigd av lokalt baserte aktørar, og har rusta opp og utvida produksjonsapparatet sitt dei seinare åra, på trass av det overhengande trugsmålet om innskrenkingar av produktiviteten i området. No står denne verksemda på spel.

For setjefiskselskap som leverar til dei aktuelle matfiskprodusentane, vil sjølvsagt nedbygginga slå direkte inn mot leveransane, og i verste fall kan dette for enkelte aktørar medverke til nedlegging.

Utrekningar som verksemndene i regionen har gjort, basert på same metodikk som Asplan Viak nytta i si konsekvensutgreiing ved førre forskriftsframlegg, syner at:

- Havbruksproduksjonen i og utanfor Hardanger vil bli redusert med meir enn 55.000 tonn pr. år, tilsvarande ei svikt i inntektene på meir enn 1,5 milliardar kroner årleg.
- 535 årsverk vil forsvinne frå regionen, i tillegg til 577 på Vestlandet utanfor forskriftsområdet.

Generelt meinar Salmon Group at utgreiinga av konsekvensar ved ei føreslegen forskrift bør ligge på den som set i gang eit slikt arbeid. I denne saka, til liks med fleire saker i inneverande regjeringsperiode, har utgreiing av økonomiske og samfunnsmessige konsekvensar falle på

havbruksnæringa sjølve å greie ut. Resultata som har blitt framlagde, har vidare openberra at arbeidet som er gjort før framlegginga av forskrifta har vore svært mangelfullt.

I denne konkrete saka ser det ut for at FKD ikkje til fulle har skjønt omfanget av den produksjonsnedgangen eit regionalt biomassetak vil få. Ein har heller ikkje tydeleg nok gjeve til kjenne dei ordningar som vil ligge til grunn for å flytte kapasitet ut av forskriftsområdet.

FORSKRIFTA I EIN STØRRE STRATEGISK KONTEKST

Regjeringa nyttar stadig slagordet om at Noreg skal bli ”verdas fremste sjømatnasjon”. Ambisjonane på vegne av norsk fiskeri og havbruk er høge. Men i oppdrettsnæringa har vi ikkje følt at der har blitt sett vilje bak dei uttalte måla. Snarare vert vi møtt med stadig nye innskrenkingar, nye og kostbare pålegg og overlappande forskrifter og tiltak.

Forlaget om regionalt biomassetak i Hardanger er kanskje det mest inngripande og kostbare forslaget av alt som har kome dei siste tre åra. Direkte vil forskrifta, slik ho står, råke ei rekke lokale verksemder, deira tilsette og lokalsamfunn. Indirekte vil den reduserte produksjonen medføre ei ytterlegare oppheting av ein marknad som får for lite laks tilført per i dag.

Kortsiktig høge priser vil bli avløyst i fallande marknadsposisjon og nedgang i etterspurnaden. Laksen sin posisjon som produkt vil bli redusert, Noreg sin posisjon som verdsleiane leverandør vil bli nedskalert. Dette er den stikk motsette utvikling av det regjeringa har sagt at ho vil jobbe for.

For oppdrettsnæringa og lakseindustrien som investeringsobjekt, vil dei stadige endringane i driftsvilkår vere avgrensande for attraktiviteten og framtidsutsiktene. Dei siste åra har der som regel vore fleire omgripande forskriftsendringar og føreslegne særtiltak under høyring til ei kvar tid. Dette påverkar både tilsette og eigarar sin tryggleik og framtidstru. Det som skulle vere ei av satsingsnæringane på kysten, har blitt ei næring der ein knapt kan føle tryggleik for jobben, og langt mindre for investert kapital.

Viljen til å detaljregulere og inndra rettigheter frå høgaste politiske hald, gjev grunn til å vere uroleg for framtida for alle som er involverte i norsk sjømatnæring. Målet om kunnskapsbasert forvaltning verkar fjernt, når ein ser at viktig informasjon ikkje blir innhenta, og biletet av konsekvensane ved tiltaka ikkje tek utgangspunkt i den reelle driftssituasjonen til aktørane og næringa.

Nils Inge Hitland

Dagleg leiar

Salmon Group AS

Tlf: 913 07 371

E-post: nils.inge@salmongroup.no